



# DEN NORSKE KYRKJA

## Ålhus og Helgheim sokneråd Referat 30.11.2023

Styre, råd og utval <b>Ålhus og Helgheim sokneråd</b>	Møtestad Skei misjonshus	Møtedato <b>30.11.2023</b>
Arkiv nr.	Kl 18.00	Møteslutt 19.20

### Til stades på møtet:

Desse møtte:

Silje Sørebo (prest), Anette Svidal Slåtten (leiar), Solveig Lesto, Bernt Kjøsnes, Inger Johanne Klakegg, Ingvill Marie Støfringstøl, Magne Kvinge (1. vara), Børge Gjesdal (2. vara)

Hildegunn Huus (leiar), Bjørn Anders Steinsund, (skrivar), Norvald Nedrebø, Steinar Dvergsdal, Brita Maria Distad (2. vara), Kjellaug Bromseth (3. vara)

Meldt forfall

Ingeborg Slåtten, Aud Førde, Marit Vallestad, Camilla Klakegg

**Saker:** 43-48 /23

### Sakliste:

#### **Sak 43/23**

#### **Godkjenning av innkalling.**

Vedtak: Innkallinga godkjent utan merknad.

#### **Sak 44/23**

#### **Godkjenning av referat 17.10.23**

Vedtak: Referat godkjent utan merknad.

#### **Sak 45/23 Trusopplæringsutvalet**

Silje orienterte om trusopplæringsutvalet og kva mandat utvalet har. Det vart gått gjennom mandatet og gjort endringar i ein del av ordlyden:

- Trusopplæringsutvalet har møte minst ein gong i semesteret, og i samband med arrangement.
- Rapportar frå trusopplæringsutvalet som skal til Kyrkjerådet/Bispedømmet, vert utarbeidd av trusopplæringsmedarbeidar eller andre tilsette (innhaldet) og Kyrkjeverje (økonomi), og skal leggjast fram for trusopplæringsutvalet

Det skal veljast 2 personar frå kvart sokn, og ein må spørje sitjande medlemar om dei tek attval.

Vedtak: Det skal veljast 2 personar, ein frå kvart sokn, til trusopplæringsutvalet. Sokneråda tek kontakt med sitjande utval om dei tek attval, (Reidun Gravdal Nedrebø (Ålhus), Karen Elise Erikstad og Inger Birgitte Flatjord Kjøsnes, Helgheim).

Trusopplæringsutvalet arbeider etter «Mandat for trusopplæringsutvalet i Jølster»



# DEN NORSKE KYRKJA

## Ålhus og Helgheim sokneråd Referat 30.11.2023

---

### **Sak 46/23 Misjonsavtale/misjonsprosjekt mellom kyrkjelydane Ålhus og Helgheim**

Silje orienterte om dei ulike prosjekta som kan støttast, og det var to prosjekt som skilde seg ut

- Misjonsalliansen i Brasil
- Stefanusbarna Egypt/Kairo

Vedtak: Etter ein runde rundt bordet vart det avgitt stemmer og resultatet vart 9 stemmer for Misjonsalliansen i Brasil , og 5 stemmer Stefanusbarna i Egypt/Kairo.

### **Sak 47/23 Møteplan, felles soknerådsmøte for våren 2024**

Vedtak: Møteplan fram til sommaren: torsdag 01.02, torsdag 29.02, tysdag 05.03, og torsdag 06.06.

Arbeidsutvalet, heretter AU, har møte to veker før og planlegg saklista. (soknerådsleiarar, sokneprest, sekretær)

### **Sak 48/23 Meldingar/Orientering**

- Gudstenesteplan for våren-24 er sett opp etter årshjulet.  
Det kan bli endringar i gudstenesteplana utover året.
- Årshjul for gudstenester
- Plan for diakoni i Ålhus og Helgheim sokneråd
- Trusopplæringsutvalet
- Orientering om branninstruksar, gjeldande instruks november 2018.

### **Evt. tilkomne saker**

Ingen tilkomne saker.

Norvald Nedrebø  
møteskrivar